



# Brønnøysundregistrene

---

## **Brønnøysundregistrene**

Postadresse: 8910 Brønnøysund

Telefoner: Opplysningstelefonen 75 00 75 00 Telefaks 75 00 75 05

E-post: [firmapost@brreg.no](mailto:firmapost@brreg.no) Internett: [www.brreg.no](http://www.brreg.no)

Organisasjonsnummer: 974 760 673



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2011	2010
<b>Inntekter</b>			
Salsinntekter		493 843	542 088
<b>Sum inntekter</b>		<b>493 843</b>	<b>542 088</b>
<b>Kostnader</b>			
Lønnskostnad	1	99 165	99 479
Avskrivning på varige driftsmiddel og immaterielle egedelar		35 146	34 258
Annan driftskostnad		352 932	564 430
<b>Sum kostnader</b>		<b>487 243</b>	<b>698 167</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>6 600</b>	<b>-156 079</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		3 915	10 300
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>3 915</b>	<b>10 300</b>
<b>Netto finans</b>		<b>3 915</b>	<b>10 300</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>10 515</b>	<b>-145 779</b>
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>10 515</b>	<b>-145 779</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>10 515</b>	<b>-145 779</b>
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>10 515</b>	<b>-145 779</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Overføring til/frå fond		10 515	145 779
<b>Sum overføringer og disponeringar</b>		<b>10 515</b>	<b>145 779</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2011	2010
<b>EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Driftsløusøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande	3	173 584	137 031
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>173 584</b>	<b>137 031</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i aksjar og partar		300	300
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>300</b>	<b>300</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>173 884</b>	<b>137 331</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Krav</b>			
Andre krav		75 175	50 400
<b>Sum krav</b>		<b>75 175</b>	<b>50 400</b>
<b>Bankinnskudd, kontanter og liknande</b>			
Bankinnskudd, kontanter og liknande		266 046	226 380
<b>Sum bankinnskudd, kontanter og liknande</b>		<b>266 046</b>	<b>226 380</b>
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>341 221</b>	<b>276 780</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>515 105</b>	<b>414 111</b>
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
<b>Opptent eigenkapital</b>			



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2011</b>	<b>2010</b>
Annan Eigenkapital		380 747	370 233
<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>380 747</b>	<b>370 233</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>380 747</b>	<b>370 233</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		96 841	18 824
Anna kortsiktig gjeld		37 517	25 054
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>134 358</b>	<b>43 878</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>134 358</b>	<b>43 878</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>515 105</b>	<b>414 111</b>



## Årsmelding 2010/11 for Fitjar Skulekorps

### *Verksemda sin art*

Fitjar Skulekorps er eit brass-band for born og unge i Fitjar Kommune.

### *Rettvisande bilete*

Lenger ute i årsmeldinga kjem ei nærare skildring av verksemda i rekneskapsåret. Etter styret si meining gir årsmelding, rekneskap og notar eit rettvisande bilete av resultat i rekneskapsåret og stilling pr. 30.06.2010.

### *Fortsatt drift*

Korpset har god økonomi, og styret legg føresetnaden om fortsatt drift til grunn ved avlegging av rekneskapet.

### *Dekning av underskot*

Styret foreslår at årets overskudd på kr. 10 514 vert overført annan eigenkapital

### *Arbeidsmiljø og likestilling*

Korpset har ein mannleg dirigent tilsett i ca 18 % stilling. Sjukefråværet i rekneskapsåret var minimalt.

I styret har det vore 6 medlemmer, 3 menn og 3 kvinner.

### *Ytre miljø*

Korpset si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø.

Styret har i denne perioden vore:

Leiar:	Ole Christian Ottestad
Kasserar:	Erling Prestbø
Skrivar:	Liv Mari Lønning
Styremedlem:	Svein A. Volden
Vara:	Nils Andreas Brekke
FM repr.:	Ragnhild Prestbø
Mus. repr.:	Anne Lunde

Medlemma i Fitjar Skulekorps har dette året vore fordelt slik:

Senior:	29
Junior:	9
Aspirant:	8

Dirigent og instruktør for korpset har vore Svein Roger Koppang.  
Thea Lund Hinderaker har vore vikar på gruppeinstruksjon.



**Årets gang:**

**August:**

-Speling på gudstenesta på søndagsskulens dag i kyrkja, og marsj til bedehuset.

**September:**

-Helgeseminar på Rimbareid Skule

-Årsmøte

**Oktober:**

-Konsertinnslag på Frivilligsentralen sitt arrangement for nye innbyggjarar i Kultursalen i FKIB

**November:**

-Flott 50-års jubileumskonsert i Kultursalen ilag med Fitjar Musikklag. Veldig gode prestasjonar av både solistar, juniorar og aspirantar og korpset gjorde ein av sine aller beste konsertar.

-Stor jubileumsmiddag med inviterte gjestar og innleigd mannskap frå kokk- og serviterlina på Fitjar Vgs.

-Speling på Fitjar Musikklag sin marknad i Kultursalen.

-1.plass i 3.div på Sotrafestivalen på Bildøy!

-Deltaking på julegrantenning på 1.søndag i advent. Me tok ikkje på oss arrangør oppgåva i år.

**Desember:**

-Juniorar og aspirantar deltok på Kulturskulekonsert.

-Hovudkorps og juniorar spelte på julekonsert i kyrkja.

-Juleavslutning med mat, gode ord og premiar på siste øving før jul.

-Korpset spelte på 1. gudsteneste julaftan.

**Januar:**

-Speling på juletefest i Idrettshallen

-Øvingshelg på Rimbareid med pizza og film.

-Stor artikkel i Sunnhordland om korpset sin framgang.

Dette førte med seg pengegaver frå Aker til alle skulekorpsa på øya og dirigenten vart intervjuet på direkten i NRK Hordaland.

**Februar:**

-Vanlege øvingar

**Mars:**

-Nytt øvingsrom i andre høgda i FKIB

-Seminar med overnatting på Leirvik for aspirantar og juniorar

-Fantastisk seminar og konsert med Brazz Brothers på FKIB.

Her var skulekorpsa frå Langeland, Sagvåg og Våge/Meling og inviterte med.

-Konsert på Stord Vgs. på eit stort kulturskulerådsmøte.

**April:**

-Marknad på Rimbareid. Flott overskot. Fitjar Musikklag deltok som vanleg.

-Flaskeinnsamling i Fitjar. Flott innsats og bra fortjeneste. Stor takk til SPAR og

REMA1000 for godt samarbeid

Årsmelding 2010/11 for Fitjar Skulekorps



**Mai:**

- 17. mai var det spelning ilag med musikklaget, som vanleg dei seinare åra.
- Først flaggheising ved Tinghuset, deretter marsjering bort til ein betre frukost på fjordhotellet, så marsjering i barnetoget, spelning i kyrkja ved gudstenesta og så vart dagen avslutta for korpset sin del med spelning i parken.
- Deltok på Kulturakulen sin vårkonsert
- Øvingshelg før NM

**Juni:**

- Nokre musikantar var tonefylgje på friluftsgudstenesta ved Svartavatnet 2. pinsedag.
- Huskonsert i Kultursalen med m.a. NM-stykket Dakota på repertoaret
- Sommartur til Ålgård/Stavanger.
- Flott 4.plass i 3.div i NM i Stavanger. Tøff divisjon med mange gode korps, men korpset spelte bortimot feilfritt og fekk mykje skryt frå domarane.
- Speloppdrag på skipsdåp ved Meierikaiaen.

**Juli/August:** - Sju musikantar deltok på NMF sommarkurs i år:

- Fem på blått kurs i Åsane
- Ei på instruktørkurs på Manger
- Ei på svart kurs på Moi

Som de kan sjå, har dette vore eit sers innhaldsrikt år for Fitjar Skulekorps, med 50års jubileum og førsteplass på Sotra som høgdepunkt i haustsemesteret og Brazz Brothers og NM som 'høydare' i vår.

Det har og vore ei positiv oppleving å få FKIB som hovudkvarter, med høve til å bruka Kultursalen ofte, gode kjøkkenfasilitetar og ei romsleg foaje der foreldra kan snakke over ein kaffikopp. Me vil gjerne oppfordra enda fleire foreldre til å ta seg tid til å treffast der.

Musikantane har gjort store tekniske framsteg kvar for seg i år, men framfor alt har me høyrd at samspel og musikalitet no verkeleg byrjar å komme på plass. Dirigenten gjer ein flott jobb med musikantane, med systematisk og målretta arbeid, frå aspirantnivå og opp til og med dei eldste seniorane.

Den sterke utviklinga hovudkorpset har hatt dei seinaste åra, har tvunge fram ei endring i korleis me kan dyrka fram dei yngste. Musikantar med berre to års 'utdanning' som aspirant og junior vil no, i dei aller fleste tilfelle, ha store problem med å hengja med på det repertoaret hovudkorpset spelar. Det er ikkje bra for sjølvkjensla og motivasjonen til dei yngste å føla at dei alltid kjem til kort og ikkje får til nokon ting når dei endeleg skal spela med dei store. Me treng altså eit betre tilbod til musikantane i denne kritiske fasen.

Me ynskjer derfor å ha eit skikkeleg juniorkorps som er i stand til å stå på egne bein, både på konsertar, seminar og konkurransar. Dei unge musikantane vil få ei heilt anna kjensle av meistring og speglede i ein slik samanheng.



For å få dette til, har me dette året latt juniorane få enda eit år på seg før dei vart med for fullt blant dei eldre. Denne overgangen kom kanskje litt brått på for enkelte musikantar og foreldre, men me vonar at dei fleste forstår at det vil vera til beste for alle, både store og små musikantar. Det komande året vil me gjera enda meir for at desse to åra vert morosame og motiverande for juniorane, med td. deltaking som eige korps på Sotrafestivalen og andre eigne aktivitetar.

Årsmelding 2010/11 for Fitjar Skulekorps



Me har heldigvis kome økonomisk hellskinna ut av eit utfordrande år med mange store og dyre prosjekt, fordi me har ein gjeng med flotte foreldre i ryggen, ikkje minst i nemndene og andre viktige verv, som gjer eit fantastisk arbeid. Det ville ikkje vore enkelt å driva eit skulekorps utan så ihuga og interesserte foreldre.

Ved oppstarten av det nye korpåret er korpset sett saman slik:



Styret vil med dette takke musikantar, dirigent, foreldre og feresette for nok eit framgangarikt år og gler oss framleis til fortsetjinga...

Stad, dato

Ole Christian Ottestad, leiar

Årsmelding 2010/11 for Fitjar Skulekorps



## FITJAR SKULEKORPS RESULTATREKNESKAP 01.07.10-30.06.11

Inntekter	Note	Budsjett 2011 2012	Regnskap 2010-2011	Budsjett 2010-2011	Regnskap 2009-2010
Speleinntekter		kr 20 000	kr 14 600	kr 5 000	kr 4 000
Gåver Kommunen		kr 1 500	kr 6 000	kr 1 500	kr 1 500
Andre gåver		kr 60 000	kr 98 180	kr 50 000	kr 62 000
Kalender/marknad		kr 210 000	kr 155 624	kr 145 000	kr 167 102
Medlemsandel sommarkurs		kr 35 500	kr 9 950	kr 10 000	kr 16 300
Medlemsandel øvingshelger		kr 10 000	kr -	kr -	kr -
Medlemsandel turar		kr 60 000	kr 55 000	kr 40 000	kr 211 700
Jubileumsfeiring/årsfest		kr 15 000	kr 14 800	kr 30 000	kr -
Brazz Brothers		kr -	kr 60 843	kr 70 000	kr -
Grasrotandel		kr 18 000	kr 11 686	kr 14 000	kr 11 270
Støttemedlemskap		kr -	kr -	kr 5 000	kr -
Kontingent		kr 5 000	kr 2 400	kr 5 000	kr 5 600
Tilskot NMF		kr 35 000	kr 24 297	kr 15 000	kr 14 979
Dugnadsinntekt		kr 40 000	kr 32 403	kr 30 000	kr 27 638
Refusjon mva		kr 15 000	kr 8 061	kr 10 000	kr 20 000
Rentalinntekter		kr 5 000	kr 3 915	kr 2 000	kr 10 300
<b>Sum Inntekter</b>		<b>kr 590 000</b>	<b>kr 497 758</b>	<b>kr 492 500</b>	<b>kr 582 388</b>
<b>Utgifter</b>					
Kulturskule		kr 51 000	kr 34 218	kr 35 000	kr 34 218
Sommarkurs		kr 71 000	kr 19 900	kr 20 000	kr 20 000
Øvingshelger		kr 10 000	kr -	kr 6 000	kr 5 720
Konkurransaravgift		kr 25 000	kr 19 320		
Turar		kr 85 000	kr 83 543	kr 60 000	kr 422 834
Kalender/marknad		kr 17 000	kr 12 442	kr 20 000	kr 19 409
Jubileumsfeiring/årsfest		kr 15 000	kr 44 020	kr 26 500	
Brazz Brothers		kr -	kr 80 745	kr 70 000	
Instruktørløye / løn	1	kr 125 000	kr 99 165	kr 100 000	kr 99 479
Husleige øving		kr 10 000	kr 3 530		
Notar		kr 2 000	kr 1 861		kr -
Inventar / instrument		kr 10 000	kr 9 309	kr 2 500	kr 5 857
Div. kleder/årmerke		kr 2 000	kr 2 175	kr 13 000	kr 8 402
Vedlikehold/ småinstrument		kr 5 000	kr 2 965	kr 11 000	kr 11 258
Rekneskap		kr -	kr 1 050	kr -	kr 6 088
Kontorkostnader		kr 3 000	kr 1 959	kr 1 000	kr 2 275
Porto				kr -	
Reiseutgifter			kr -	kr -	kr -
Annonsering		kr 1 000	kr 718	kr 750	kr 626
Pausemat		kr 15 000	kr 11 479	kr 7 000	kr 6 570
Kontingentar		kr 14 000	kr 13 495	kr 14 000	kr 12 720
Gåver		kr 1 000	kr 1 151		kr 1 285
Forsikringspremier		kr 8 000	kr 7 320	kr 7 000	kr 6 840
Gebyr		kr 600	kr 575		kr 137
Andre kostnader		kr 5 000	kr 1 160	kr 2 000	kr 191
Avskrivningar	3	kr 52 500	kr 35 146	kr 36 000	kr 34 258
<b>Sum Utgifter</b>		<b>kr 528 100</b>	<b>kr 487 243</b>	<b>kr 431 750</b>	<b>kr 688 167</b>
<b>Resultat</b>		<b>kr 1 900</b>	<b>kr 10 514</b>	<b>kr 750</b>	<b>kr -145 778</b>

FITJAR SKULEKORPS  
BALANSE PR 30.06.11

EIENDELER.....	Note	2010-2011	2009-2010	2008/2009
UNIFORMAR.....	3	kr 27 017	kr 25 191	kr 15 369
INSTRUMENT.....	3	kr 70 218	kr 79 122	kr 81 760
NOTER	3	kr 43 349	kr 32 718	kr 26 032
ØVINGSLOKALE		kr 33 000	kr -	kr -
AKSJER/ANDELER.....		kr 300	kr 300	kr 300
SUM ANLEGGSMIDDEL		kr 173 884	kr 137 331	kr 123 461
ANDRE FORDRINGAR		kr 75 175	kr 50 400	kr 11 600
KONTANTER		kr -	kr -	kr 1 500
DRIFTSKONTO SPV		kr 97 510	kr 59 002	kr 59 419
HØGRENTEKONTO SPV		kr 154 851	kr 151 033	kr 400 571
TURKONTO/UNGDOMSKONTO		kr 1 001	kr 1 000	kr 1 000
SKATTETREKSKONTO SPV		kr 12 684	kr 15 345	kr 2 210
SUM OMLØPSMIDDEL		kr 341 221	kr 276 780	kr 476 306
SUM EIENDELER		kr 515 105	kr 414 111	kr 599 761
EGENKAPITAL OG GJELD				
ANNEN EGENKAPITAL.....		kr 380 747	kr 370 233	kr 516 011
LEVERANDØRGJELD.....		kr 96 841	kr 18 824	kr 74 252
ANNEN KORTSIKTIG GJELD		kr 37 517	kr 25 054	kr 9 498
SUM KORTSIKTIG GJELD		kr 134 358	kr 43 878	kr 83 750
SUM EGENKAPITAL/GJELD..		kr 515 105	kr 414 111	kr 599 761



## FITJAR SKULEKORPS NOTAR TIL REKNESKAPEN 01.07.10-30.06.11

### Notis 0 - Regnskapsprinsipp

Årsrekneskapen, som er utarbeidd av korpset sitt styre, må lesast saman med årsmelding og revisjonsmeldinga.

#### Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett saman av resultatregnskap, balanse og notar og er avlagt i samsvar med lov om register for frivillige verksemdar.

Årsrekneskapen er basert på grunnleggjande rekneskapsprinsipp og klassifisering av eiğedelar og gjeld fylgjer definisjonar i rekneskapslova. Ved bruk av rekneskapsprinsipp og presentasjon av transaksjonar og andre forhold vert det lagt vekt på økonomiske realiteter, ikkje berre juridisk form.

Som hovedregeler er inntekt resultatført når den er opptent. Utgifter vert samanført med og kostnadsført samtidig med dei inntektene som utgiftene kan henførast til. Utgifter som ikkje kan henførast direkte til inntekter, vert kostnadsført når dei påløp.

### 1 - Løner m.m.

	2010/2011	2009/2010
Lønninger	81 071	78 924
Folketrygdavgift	14 093	14 805
Utlegg instruktørar	4 000	5 750
<b>Lønnskostnader</b>	<b>99 164</b>	<b>99 479</b>

Gjennomsnittlig antall ansatte i regnskapsåret 0,10 0,10

Godtgjerste til styret 0 0

### 2 - Medlemmer

	2010/2011	2009/2010
Medlemmer ved utgangen av regnskapsåret:		
Ordinære medlemmer	36	30
Juniorar	7	8
Aspirantar	7	11
Samla	<b>50</b>	<b>49</b>

Gjennomsnittlig alder ordinære medlemmer 12,8 12,3

### 3 - Varige driftsmiddel

	IB	Tilgang	Gr.lag	AVSKR.	UB
Uniformer	kr 25 191	kr 8 580	kr 33 771	20 % kr 6 754	kr 27 017
Notar	kr 32 718	kr 21 468	kr 54 186	20 % kr 10 837	kr 43 349
Instrument	kr 79 122	kr 8 650	kr 87 772	20 % kr 17 554	kr 70 218
Øvingslokale	kr -	kr 33 000	kr 33 000	10 år frå 2011 kr -	kr 33 000
Sum	<b>kr 137 031</b>	<b>kr 71 698</b>	<b>kr 208 729</b>	<b>kr 35 146</b>	<b>kr 173 683</b>



## FITJAR SKULEKORPS

### REVISJONSMELDING FOR 1/7-2010 – 30/6-2011

Me har revidert rekneskapet til Fitjar Skulekorps for nemde periode. Rekneskapet er gjort opp med eit overskot på kr. 10.514,- budsjettert overskot var kr. 750,-. Eigenkapitalen til laget var kr. 380.747 pr. 30.06.2011, så skulekorpsset har ein sunn økonomi.

Dokumentasjonen var noko mangelfull, særskilt for inn- og utbetalingar frå bankkonto.

Etter vårt skjøen gjev rekneskapet eit rett bilete av den økonomiske stoda i laget, og me vil utfrå dette rå til at årsmøtet godkjenner rekneskapet slik det ligg føre.

Fitjar 16. september 2011

  
Harald Rydland

  
Ranveig F. Ottestad